

 Programmet tar ikke opp nye studenter

Studieplan for Norsk 2 for lærere 1-7 (30 studiepoeng) (2016–2017)

Fakta om programmet

Studiepoeng: 30

Studiets varighet: 1 år

Undervisningsspråk: Norsk

Studiested: Høgskolen i Østfold, studiestad Halden

Kontakt

Studieprogramansvarlig

HiØ VIDERE

Innholdsfortegnelse

- Informasjon om studiet
- Hva lærer du?
- Opptak
- Oppbygging og gjennomføring
- Jobb og videre studier
- Studieplanen er godkjent og revidert
- Studiemodell

Informasjon om studiet

Studiet er ei samlingsbasert videreutdanning som ledd i satsinga *Kompetanse for kvalitet*. Norsk 2 1-7 svarer til faget i grunnskolelærerutdanning 1-7 og bygger på nasjonale retningslinjer for denne utdanninga i *Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanningene for 1.-7. trinn og 5.-10. trinn*, fastsett av Kunnskapsdepartementet 20.01.10. Undervisninga er lagt til tre to-dagars samlingar kvart semester.

Hva lærer du?

Studiets læringsutbytte

Kunnskap:

Studenten har

- inngående kjennskap til teoriar om lesing og skriving, særleg knytt til den andre lese- og skriveopplæringa
- kunnskap om kva for funksjonar lesing og skriving har hatt og har i kulturen vår og om kva som kjenneteiknar språkleg kommunikasjon i ulike medium
- kunnskap om språklege endringsprosessar, i fortid og samtid, om normeringsspørsmål i moderne norsk og om sentrale kjenneteikn ved norske dialektar
- utvida kunnskap om munnlege og skriftlege sjangrar og innsikt i korleis elevar frå 1. til 7. trinn utviklar kunnskap om desse og kan nytte dei i eige tekstarbeid
- litteraturhistorisk og litteraturteoretisk oversikt, kunnskap om sentrale verk i nordisk med særleg vekt på norsk fiksjonslitteratur og sakprosa og kjennskap til teoriar om samansette tekstar
- kunnskap om kva som skjer når ein tekst vert overført frå eit medium til eit anna (adaptasjon)

Ferdigheiter:

Studenten kan

- organisere og drive tilpassa lese- og skriveopplæring for 1. til 7. trinn etter fagleg grunngitte prinsipp, også for elevar med norsk som andrespråk
- bruke språk- og tekstkunnskap aktivt i rettleiing av elevar i lese- og skriveprosessen
- bruke kunnskap om talemål- og skriftspråknormering i skriveopplæringa
- vurdere og reflektere omkring ulike slags prøver i lesing og skriving og nytte resultatet av dei til fagleg utvikling for elevane
- leggje til rette for den munnlege språkutviklinga til elevane
- rettleie i arbeidet med tekstar slik at elevane kan utvikle seg sjølve, skaffe seg kunnskap og førebu seg for aktiv deltaking i offentlege rom og samfunnet som eit heile
- samanlikne tekstar skrivne for barn med omsyn til innhald, form og funksjon
- setje sentrale norske tekstar inn i ein historisk samanheng, tolke dei og sjå dei i lys av nordisk og annan internasjonal litteratur
- lese, analysere, tolke og vurdere samansette tekstar og setje dei inn i ein større kulturell og offentleg samanheng

Generell kompetanse:

Studenten

- kan vurdere eigen praksis som norsklærer og grunngi vurderingane
- har innsikt i norskfaget ut frå forskning og i høve til fagets historie og kan reflektere kritisk og konstruktivt ut frå eit historisk perspektiv på faget
- har eit medvite forhold til korleis samtalen mellom lærar og elevar, og samtalen elevane imellom, kan fungere som reiskap for læring
- utviklar identiteten sin som norsklærer

Opptak

Bestått grunnskole-/allmennlærerutdanning, eller annen lærerutdanning rettet mot skole på minimum 180 studiepoeng, **og** inkludert eller i tillegg Norsk 1, eller tilsvarende utdanning på minimum 30 studiepoeng.

Det er krav om ansettelse i undervisningsstilling.

Oppbygging og gjennomføring

Studiets oppbygging og innhald

Studiet består av emna

- Norsk 103 Den andre lese- og skriveopplæringa. Skriftleg og munnleg norsk etter 1800 (1-7)

- Norsk 104 Voksenlitteratur og samansette tekstar (1-7)

Sjå modell under.

Norsk 103 tar for seg desse hovudtema:

- Den andre lese- og skriveopplæringa
- Lesing og skriving i historisk perspektiv, faghistorie
- Språkhistorie, språknormering og talemålsvariasjon

Norsk 104 er konsentrert om desse fagområda:

- Litteratur og litteraturdidaktikk for barnetrinnet
- Generell litteraturforståing og utvalde verk frå vår nordiske litterære kanon
- Samansette tekstar
- Tekst og sjanger i ulike medium

Organisering og læringsformer

Studentane skal møte varierte arbeidsformer. Tilnærminga til stoffet skjer i hovudsak gjennom forelesingar, arbeid i grupper og individuelt arbeid, og lærestoffet skal bygge på anerkjent forskningsbasert kunnskap. I arbeidskrava vil studentane sitt arbeid på eigen skole opne for verdifull fagleg og didaktisk refleksjon knytt til både kunnskapsmål, ferdigheitsmål og generell kompetanse i norskfaget. Informasjons- og kommunikasjonsteknologi skal også gå inn som ein sentral del av norskstudiet. IKT blir brukt som eit reiseparkett for læring, rettleiing, samarbeid og dokumentasjon. Norskfaget samarbeider med høgskolebiblioteket om emne som litteratursøk, referanseteknikk og akademisk skriving.

Praksis

Praksisnære komponentar er ein integrert del av studiet, og studentane må undervise på trinn 1-7 parallelt med studiet.

Internasjonalisering

Gjennom dette studiet er det eit mål at studentane ser fag og lærararbeid i eit internasjonalt perspektiv, og i norskfaget blir det særleg lagt vekt på det nordiske perspektivet. Mellom anna vil delar av pensumet vere på svensk og dansk. Så sant det er ledige plassar, arrangerer Norskseksjonen kvart år ein studietur til Schæffergården for norskstudentar. Det vil bli opna for at også studentar på dette vidareutdanningskurset kan melde seg på.

Evaluering av studiet

For å kunne tilby en aktuell og relevant utdanning av god kvalitet, er vi avhengige av tilbakemeldinger fra studentene. Evaluering gjennomføres i henhold til høgskolens kvalitetssystem. I tillegg vil Utdanningsdirektoratet gjennomføre egne deltakerundersøkelser.

Tilbakemelding underveis

Studentane får tilbakemelding på arbeidskrav underveis i studiet. Arbeidskrav må være godkjent før studenten kan framstille seg til eksamen.

Vurdering

Obligatoriske arbeidskrav må vere godkjende før studenten kan framstille seg til eksamen i dei enkelte emna.

Studiet har varierte vurderingsformar, sjå emnebeskrivingar.

Det gis karakterar etter gradert karakterskala A - F, der A er beste og E dårlegaste bestått karakter. F er ikkje bestått.

Plagiatkontroll:

Alle skriftlige arbeidskrav og eksamensoppgaver kan plagiatkontrolleres. Plagiering og avskrift av faglitteratur og andre skriftlige arbeider uten korrekt bruk av referanser/kilder vil bli vurdert som forsøk på fusk. Se for øvrig [Forskrift om eksamen og studierett ved Høgskolen i Østfold](#).

Litteratur

Sjå litteraturliste på kvart emne.

Jobb og videre studier

Lærarar i grunnskolen som ønskjer 60 studiepoeng retta mot arbeid i grunnskolen trinn 1-7 og/eller som ledd i løpet mot masterutdanning i norsk.

Studieplanen er godkjent og revidert

Studieplanen er godkjent

Studieleder/prodekan Kjersti Berggraf Jacobsen, 18.01.15

Studieplanen er revidert

Studieleder/prodekan Kjersti Berggraf Jacobsen 7. januar 2016

Studieplanen gjelder for

Studieåret 2016-2017

Studiemodell

Denne studiemodellen har en ny utforming. [Fortell oss hva du synes om den](#)

Høst 2016

Obl. emner

LSKNO21215

Den andre lese- og skriveopplæringa. Skriftleg og munnleg norsk etter 1800 (1-7)

15 stp

Vår 2017

Obl. emner

LSKNO21115

Voksenlitteratur og sammensette tekstar (1-7)

15 stp

LSKNO21215 Den andre lese- og skriveopplæringa. Skriftleg og munnleg norsk etter 1800 (1-7) (Høst 2016)

Fakta om emnet

Studiepoeng: 15

Ansvarlig avdeling: Avdeling for lærerutdanning

Stuedsted: Høgskolen i Østfold, studiestad Halden

Emneansvarlig: Marion Elisenberg

Undervisningsspråk: Norsk

Varighet: ½ år

Innholdsfortegnelse

- Emnet er tilknyttet følgende studieprogram
- Undervisningssemester
- Studentens læringsutbytte etter bestått emne
- Innhold
- Undervisnings- og læringsformer
- Praksis
- Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen
- Eksamen
- Evaluering av emnet
- Litteratur

Emnet er tilknyttet følgende studieprogram

Obligatorisk emne i vidareutdanninga Kompetanse for kvalitet *Norsk 2 for grunnskolelærerutdanning 1-7 (30 studiepoeng)*.

Undervisningssemester

Høst 2016

Studentens læringsutbytte etter bestått emne

Kunnskap

Studenten har

- inngående kjennskap til teoriar om lesing og skriving, også knytt til den andre lese- og skriveopplæringa
- kunnskap om kva for funksjonar lesing og skriving har hatt og har i kulturen vår og om kva som kjenneteiknar språkleg kommunikasjon i ulike medium

- kunnskap om språklege endringsprosessar, i fortid og samtid, om normeringsspørsmål i moderne norsk og om sentrale kjenneteikn ved norske talemål
- kunnskap om korleis dei grunnleggjande ferdigheitene kan fungere på norskfaget sine premissar

Ferdigheiter

Studenten kan

- organisere og drive tilpassa lese- og skriveopplæring for 1. til 7. trinn etter fagleg grunngitte prinsipp, også for elevar med norsk som andrespråk
- bruke språk- og tekstkunnskap aktivt i rettleiing av elevar i lese- og skriveprosessen
- bruke kunnskap om talemål- og skriftspråknormering i skriveopplæringa
- vurdere og reflektere kring ulike slags prøver i lesing og skrivning og nytte resultatet av dei til fagleg utvikling for elevane
- leggje til rette for den munnlege språkutviklinga til elevane
- vere ein ressurs i eige kollegium på dei område studiet omfattar

Generell kompetanse

Studenten

- kan vurdere eigen praksis som norsklærer og grunnngi vurderingane i høve til teori
- har innsikt i norskfaget ut frå forskning og i høve til faget si historie og kan reflektere kritisk og konstruktivt ut frå eit historisk perspektiv på faget
- har eit medvite forhold til korleis samtalen mellom lærar og elevar, og samtalen elevane imellom, kan fungere som reiskap for læring

Innhold

Emnet tar for seg desse hovudtema:

- Lese- og skriveopplæring, især den andre opplæringa
- Lesing og skrivning i historisk perspektiv, faghistorie
- Språkhistorie, språknormering og talemålsvariasjon

Det vil bli arbeidd både teoretisk og praksisretta med alle fagområda, i samsvar med måla for læringsutbytte, der både grunnleggjande ferdigheiter, tilpassa opplæring og vurdering står sentralt. Arbeidet vil også bestå av det fleirspråklege og fleirkulturelle perspektivet.

Undervisnings- og læringsformer

Studentane skal møte varierte arbeidsformer. Tilnærminga til stoffet skjer i hovudsak gjennom forelesingar, arbeid i grupper og individuelt arbeid, og lærestoffet skal bygge på anerkjent forskingsbasert kunnskap. I arbeidskrava vil studentane sitt arbeid på eigen skole opne for verdifull fagleg og didaktisk refleksjon knytt til både kunnskapsmål, ferdigheitsmål og generell kompetanse i norskfaget. Informasjons- og kommunikasjonsteknologi skal også gå inn som ein sentral del av norskstudiet. IKT blir brukt som eit reiskap for læring, rettleiing, samarbeid og dokumentasjon. Norskfaget samarbeider med høgskolebiblioteket om emne som litteratursøk, referanseteknikk og akademisk skrivning.

Praksis

Praksisnære komponentar er ein integrert del av studiet, og studentane må undervise på trinn 1-7 parallelt med studiet.

Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen

Studentane får i semesteret tre oppgåver av fagleg og didaktisk karakter knytt til tema som det blir arbeidd med. Arbeida skal lagrast digitalt i mapper oppretta til dette. Tilbakemelding på desse arbeida vil dels vere frå faglærarar og dels frå andre studentar, og nokre av arbeida skal dessutan vurderast av studenten sjølv, f.eks. i form av refleksjonslogg. Eit av arbeidskrava vil krevje at studentane deler ny kunnskap med kollegaer på eigen arbeidsplass. Eit anna arbeidskrav vil krevje pedagogisk bruk av IKT ut over bruk av læringsplattform (Fronter). Begge målformer skal vere representerte i tekstane, kvar med om lag halvparten av tekstmengda. For å kunne framstille seg til eksamen, må alle arbeidskrava vere godkjente av faglærar.

Meir detaljert beskriving av innhaldet vil bli gitt ved undervisningsstart.

Eksamen

Munnleg, individuell eksamen, ca. 35 minutt

Den munnlege eksaminasjonen er normalt todelt. Først presenterer studenten ei sjølvvald tekst frå dei godkjente arbeidskrava. Presentasjonen skal vere mest mogleg reflekterande rundt eigen arbeidsprosess, og ikkje bare vere eit referat av innhaldet i fagteksta. Presentasjonen skal normalt ta 3-5 minutt. Deretter følger ein eksaminasjonsdel på omlag 30 minutt, der sensorane og studenten har ei fagleg samtale med utgangspunkt i to av tema i dei godkjende tekstane og pensumlitteraturen. I vurderinga vil både det faglige innhaldet og dei munnlege ferdigheitene bli vurdert.

Det blir nytta bokstavkarakter A-F.

Vurderinga blir gjort av ein intern og ein ekstern sensor.

Evaluering av emnet

Fagansvarleg har ansvar for at det blir gjennomført emneevaluering.

Litteratur

Bøker/hefter:

Engen, L. og Helgevold, L.: *Leselos. Veiledningshefte*, Lesesenteret i Stavanger, side 1-81 (kan lastas ned)

Helgevold, L.: *Bok i bruk på femte til sjuende trinn*, Lesesenteret i Stavanger (kan lastas ned)

Håland, Anne og Rutt Trøite Lorentzen (2007): «Skriving og læring» i *Dialogar om tekst. Praktisk arbeid med elevtekstar i norskfaget*, s. 4-64 Oslo: Universitetsforlaget

Klinkenberg, J.E.(2005): *Å bedre barns leseflyt*. Oslo: Aschehoug

Kvithyld, Trygve, Trude Kringstad og Guri Melby(2014): *Gode skrivestrategier - på mellomtrinnet og ungdomstrinnet*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Lyster, S.-A.H. (2012): *Elever med lese- og skrivevansker. Hva vet vi? Hva gjør vi?*, Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Mæhlum, Brit og Unn Røyneland (2012): *Det norske dialektlandskapet. Innføring i studiet av*

dialekter. Cappelen Damm Akademisk

Otnes, Hildegunn og Bente Aamotsbakken (2012): *Tekst i tid og rom. Norsk språkhistorie*, Oslo: Det Norske Samlaget

Roe, Astrid (2011): *Lesedidaktikk - etter den første leseopplæringen*, Oslo: Universitetsforlaget NY

I kompendium:

Alver, Vigdis og E Selj (2008): «Å lese fagtekster på andrespråket» i E. Selj og E Ryen (red.): *Med språklige minoriteter i klasserommet*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag

Ansald, Kristina (2012): «Språk och ämnesundervisning i det flerspråkiga klassrummet» i Arntzen, Due og Hjelde: *Flerspråklig oppvekst*. Høgskolen i Østfold

Hertzberg, Frøydis og Olga Dyste (2012): «Prosesskriving - hvor står vi i dag?» i Matre, Synnøve m.fl. *Teorier om tekst i møte med skolens lese- og skrivepraksiser*, Oslo: Universitetsforlaget

Jansson, B. (2014): «Grannespråksundervisning» i Traavik, H. & Jansson, B. (red.): *Norsk boka 2. Norsk for grunnskolelærerutdanning 1-7*, Oslo: Universitetsforlaget

Jansson, Benthe (2013): «Tale og skrift» i Traavik, H. & Jansson, B. (red.): *Norsk boka. Norsk for grunnskolelærerutdanning 1-7*. Oslo: Universitetsforlaget

Mæhlum, Brit (2008): «Språk og identitet» i Mæhlum m.fl. (red.): *Språkmøte. Innføring i sociolingvistik*, Oslo: Cappelen akademisk forlag

Solheim, Randi, Ann Sylvi Larsen og Anne Charlotte Torvatn (2010): 'Skrivekulturar på mellomtrinnet - tre dømme'. I Smidt, Jon (red.): *Skriving i alle fag - innsyn og utspill*. Trondheim: Tapir akademiske forlag

Stifoss-Hanssen, Astrid (2010): «Multimodal tekstskaping» i Tønnessen og Volla: *Begynneropplæring i en sammensatt tekstkultur*. Kristiansand: Høgskoleforlaget

LSKNO21115 Voksenlitteratur og sammensette tekstar (1-7) (Vår 2017)

Fakta om emnet

Studiepoeng: 15

Ansvarlig avdeling: Avdeling for lærerutdanning

Stuedsted: Høgskolen i Østfold, studiested Halden

Undervisningsspråk: Norsk

Varighet: ½ år

Innholdsfortegnelse

- Emnet er tilknyttet følgende studieprogram
- Undervisningssemester
- Studentens læringsutbytte etter bestått emne
- Innhold
- Undervisnings- og læringsformer
- Praksis
- Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen
- Eksamen
- Evaluering av emnet
- Litteratur

Emnet er tilknyttet følgende studieprogram

Obligatorisk emne i videreutdanninga Kompetanse for kvalitet *Norsk2 for lærere 1-7 (30 studiepoeng)*.

Undervisningssemester

Vår 2017.

Studentens læringsutbytte etter bestått emne

Kunnskap

Studenten har

- utvida kunnskap om munnlege og skriftlege sjangrar og innsikt i korleis elevar frå 1. til 7. trinn utviklar kunnskap om desse og kan nytte dei i eige tekstarbeid
- litteraturhistorisk og litteraturteoretisk oversikt, kunnskap om sentrale verk i nordisk med særlig vekt på norsk fiksjonslitteratur og sakprosa og kjennskap til teoriar om samansette tekstar

- kunnskap om kva som skjer når ein tekst vert overført frå eit medium til eit anna (adaptasjon)

Ferdigheiter

Studenten kan

- rettleie i arbeidet med tekstar slik at elevane kan utvikle seg sjølve, skaffe seg kunnskap og førebu seg for aktiv deltaking i offentlege rom og samfunnet som eit heile
- samanlikne tekstar skrivne for barn med omsyn til innhald, form og funksjon
- setje sentrale norske tekstar inn i ein historisk samanheng, tolke dei og sjå dei i lys av nordisk og annan internasjonal litteratur
- lese, analysere, tolke og vurdere samansette tekstar og setje dei inn i ein større kulturell og offentleg samanheng

Generell kompetanse

Studenten

- kan vurdere eigen praksis som norsklærer og grunngi vurderingane
- har innsikt i norskfaget ut frå forskning og i høve til fagets historie og kan reflektere kritisk og konstruktivt ut frå eit historisk perspektiv på faget
- har eit medvite forhold til korleis samtalen mellom lærar og elevar, og samtalen elevane imellom, kan fungere som reiskap for læring
- utviklar identiteten sin som norsklærer

Innhold

Emnet er konsentrert om desse fagområda:

- Litteratur og litteraturdidaktikk for barnetrinnet
- Generell litteraturforståing og utvalde verk frå vår nordiske litterære kanon
- Samansette tekster
- Tekst og sjanger i ulike medier

Det vil bli arbeid både teoretisk og praksisretta med alle fagområda, i samsvar med måla for læringsutbytte, der både grunnleggande ferdigheiter, tilpassa opplæring og vurdering står sentralt. Arbeidet vil også bestå av det fleirspråklege og fleirkulturelle perspektivet. Det vil også bli lagt vekt på at studentane skal utvikle eigen kompetanse i både skriftlege og munnlege sjangrar.

Undervisnings- og læringsformer

Studentane skal møte varierte arbeidsformer. Tilnærminga til stoffet skjer i hovudsak gjennom forelesingar, arbeid i grupper og individuelt arbeid, og lærestoffet skal bygge på anerkjent forskingsbasert kunnskap. I arbeidskrava vil studentane sitt arbeid på eigen skole opne for verdifull fagleg og didaktisk refleksjon knytt til både kunnskapsmål, ferdigheitsmål og generell kompetanse i norskfaget. Informasjons- og kommunikasjonsteknologi skal også gå inn som ein sentral del av norskstudiet. IKT blir brukt som eit reiskap for læring, rettleiing, samarbeid og dokumentasjon. Norskfaget samarbeider med høgskolebiblioteket om emne som litteratursøk, referanseteknikk og akademisk skriving.

Praksis

Praksisnære komponentar er ein integrert del av studiet, og studentane må undervise på trinn 1-7 parallelt med studiet.

Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen

Studentane får i løpet av semesteret tre oppgåver av fagleg og didaktisk karakter knytt til tema som det blir arbeidd med. Arbeida skal lagrast digitalt i mapper oppretta til dette. Tilbakemelding på desse arbeida vil dels vere frå faglærarar og dels frå andre studentar, og nokre av arbeida skal dessutan vurderast av studenten sjølv, f.eks. i form av refleksjonslogg. Ei av dei tre oppgåvene skal presenterast for kollegaer ved eigen arbeidsplass. Det skal skrivas eit refleksjonsnotat frå denne presentasjonen. Ei anna av dei tre oppgåvene vil krevje pedagogisk bruk av IKT ut over bruk av læringsplattform (Fronter). Begge målformer skal vere representerte i tekstane, kvar med om lag halvparten av tekstmengda. For å kunne framstille seg til eksamen, må alle arbeidskrava vere godkjente av faglærar.

Meir detaljert beskriving av innhaldet vil bli gitt ved undervisningsstart.

Eksamen

Emnet har to deleksamenar.

Deleksamen 1: Ei individuell heimeeksamen av fagartikkeltypen med eit kritisk, reflekterande og analytisk innhald.

Deleksamen 2: Ein skoleeksamen på fire timar, der studenten blir prøvd i kunnskapsstoff frå pensumet.

Tillatne hjelpemiddel: ordbok/ordliste, både bokmål og nynorsk samt Kunnskapsløftet generell del og læreplanen for norsk.

Målforma på dei to deleksamenane er valfri, men ein må vere på nynorsk og ein på bokmål.

Ved vurdering tel dei to deleksamenane likt, og begge må vere bestått for å få karakter i emnet.

Det blir nytta bokstavkarakterane A - F.

Vurderinga blir gjort av ein ekstern og ein intern sensor.

Ved ikkje bestått på ein av deleksamenane, kan kun den deleksamenen som ikkje er bestått tas på nytt.

Evaluering av emnet

Fagansvarleg har ansvar for at det blir gjennomført emneevaluering.

Litteratur

Med atterhald om endringer før studiestart.

Skjønnlitteratur:

Islendingesaga: *Soga om Gisle Sursson*

Ludvig Holberg: *Erasmus Montanus*

Henrik Ibsen: *Peer Gynt*

Knut Hamsun: *Sult*

Tarjei Vesaas: *Isslottet*

Dag Solstad: *Genanse og verdighet*

Mikael Niemi: *Populärmusik från Vittula*

I tillegg kjem kompendium frå seksjonen med dikt og noveller. Desse vil vere tilgjengelege før semesteret startar.

Barne- og ungdomslitteratur:

Torbjørn Egner: *Klatremus og de andre dyrene i Hakkebakkeskogen*

Astrid Lindgren: *Pippi*

Oscar K.: *Cervantes Don Quijote eller Shakespeares Hamlet*

Johan Harstad: *Darlah - 172 timer på månen*

Teori:

Anne- Kari Skardhamar: *Kunsten å lese skjønnlitteratur*, Universitetsforlaget 2007

Per Thomas Andersen: *Norsk litteraturhistorie*, Universitetsforlaget (utdrag)

Liestøl/Fagerjord/Hannemyr: *Sammensatte tekster: arbeid med digital kompetanse i skolen*. Kap. 2, 3 og 6, 8 Cappelen Akademisk Forlag 2009

Elise Seip Tønnessen (red.): *Sammensatte tekster. Barns tekstpraksis*. Kap 1, 5, 7, 10, 11, Universitetsforlaget 2010

Smidt, Jon: «Norskfagets dimensjoner». I: *Norskdidaktikk. Ei grunnbok*, Universitetsforlaget 2009